

Styremøte 6-2014 - Referat

Måndag 24. november 2014 kl. 18:00

Desse møtte: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Svein-Kåre Aarsheim, Jan Lundebrekke, Inge Bakke

Orienteringar

- Unyttta plass B23: Eigar er orientert og seier han vil leige ut plassen.
- Tau mellom redningsstigene. Ikkje kjøpt enno.
- Skilt om forureining i hamna: Skilt med teksten «All lensing i hamna er forbode» skal settjast opp på alle bryggene. Skilt motteke. Ikkje oppsett enno.
- Førehandsutfylte giroblankettar i kassa ved slippen. Lagt i kassa.
- Ekstra båtvoan til slippen. Dette venter vi med til Terje er ferdig med vogna.

Sak 1: Etablering av seks nye plassar for små båtar

Innst ved kvar av bryggene A og B er det høve til å etablere to plassar som har utrigger kun på eine sida. Men det krevst fire nye, gangbare utriggarar. Alle stadar er det høve til å lage fortøyningsfeste i muren langs land. Slike plassar kan høve for små, lette båtar. Ved brygge C er det også mogeleg å lage plass til to små båtar, ein utanfor gangbar utriggar på styrbord side av C1, den andre mellom land og C10. Her trengs det ny gangbar utriggar.

For å gjennomføre denne planen trengs det fem nye utriggarar til ca. 14.000 kroner eks. mva per stykk, til saman 70.000 kroner eks. mva, 87.500 kroner inkl. mva. I tillegg kjem frakt, tilbod 9.000 kroner inkl. mva. **Totalt 96.500 kroner inkl. mva.**

I tillegg trengs endring av vedtektene paragraf 9, punkt 1: I kvar båtplass skal det ligge kun ein båt. Kvar båt skal ligge i eigen "bås". Dette punktet kan kort og godt fjernast.

Dessutan må paragraf 3, punkt *Andelsinnskot*, endrast ved at vi får inn ein ny kategori, *Plass med ein utriggar*, og ein pris, forslagsvis 20.000 kroner. Dei som kjøper ein slik plass vert medlemmar med alle pliktar og rettigheter dette medfører. Paragraf 10, punkt 9 i vedtektene: *Styret skal godkjenne om storleiken på båten er innanfor grensene til storleiken på båtplassen*. Dette gjeld fortsatt.

Framlegg til vedtak: Styret ber årsmøtet 2015 gjere følgjande vedtak:

1. Årsmøtet vedtek å endre paragraf 9, punkt 1 i Vedtektene slik:
Noverande ordlyd: *I kvar båtplass skal det ligge kun ein båt. Kvar båt skal ligge i eigen "bås".*
Ny ordlyd: *I kvar båtplass skal det ligge kun ein båt.*
2. Årsmøtet vedtek å endre paragraf 3, punkt *Andelsinnskot* slik at det kjem ein ny kategori: *Plass med ein utriggar*. Prisen vert å fastsette under årsmøtesak 3, Fastsetjing av størrelse på andelar. Dei som kjøper slik plassar blir medlem med fulle rettar og plikter.
3. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å iverksette plan for seks nye plassar for små båtar innst på A- og B-bryggene og på C-bryggen.

Sak 2: Utleige av plass

Det er no 14 plassar som er utleigd, og det forventast at det blir fleire. Plasseigarar synest å ville behalde plassen sjølv om dei ikkje har båt. Det kan vere fordi dei planlegg å få båt seinare eller det kan vere av omsyn til nær slekt som kan komme til å få bruk for plassen i framtida. Sidan plasseigarane er «eigarar» og ikkje «leigarar» kan det vere juridisk uklårt om det er høve til å begrense denne leigeverksemda. Men det fører til at det nesten ikkje blir omsett plassar i hamna.

Vedtektene paragraf 10, punkt 10 seier: *Plassar som ikkje har vore i bruk av eigar dei to siste åra, eller ikkje har vore leigd ut desse åra, kan overtakast av laget.*

Det hadde vore greit om dette punktet i staden for lydte: *Plassar som ikkje har vore i bruk av eigar dei to siste åra, kan overtakast av laget mot gjeldande pris.*

Framlegg til vedtak: Styret ber årsmøtet 2015 gjere slikt vedtak:

Årsmøtet vedtek følgjande endring i vedtektene paragraf 10, punkt 10:

Noverande ordlyd: *Plassar som ikkje har vore i bruk av eigar dei to siste åra, eller ikkje har vore leigd ut desse åra, kan overtakast av laget.*

Ny ordlyd: *Plassar som ikkje har vore i bruk av eigar dei to siste åra, kan overtakast av laget mot gjeldande andelspris.*

Sak 3: Bytte av flyteelement i brygge A.

Framlegg til årsmøtet 2015 frå Ole Oddan: Årsmøtet pålegg styret å iverksette nødvendig tiltak for utskifting av flyteelementer i brygge A.

Bakgrunnen for forslaget er at det over tid er betydelig slitasje på flyteelementer Brygge A.

Kostnadsoverslag basert på utskifting av flyteelementer i brygge B i 2013:

Flyteelementer Levert av Bygger'n Selje	
25 stk 60x120x200, á 606,10	15 152,50
Frakt	2 700,00
Totalt Inklusive moms	22 315,70
35m3 container, utsett	1 570,00
35m3 container, avslutt	2 650,00
Containerkostnad, inklusive moms	5 275,00
Restavfallspris pr. tonn	1 350,00

Dette er 2013 priser så man må påregne prisstigning.

Dette ble, i 2013, ca. 30.000 kroner, inkl. mva og gir en god pekepinn på prisen for en tilsvarende operasjon for brygge A vil komme på. Brygge A er kortere og har færre flyteelementer, så vi kan anta at prisen vil bli noenlunde den samme, eller mindre.

Framlegg til vedtak: Styret stør framlegget frå Ole Oddan.

Møtet slutt.